

# Giske skule 2024-25

## Informasjonshefte til elevar og føresette



Ein god stad å vekse

Vi samarbeider – Vi undrer oss – Vi utvikler oss – Vi er rausse

I dette heftet finn du informasjon som er viktig at du som foresatt kjenner til. Det står mykje i heftet og kan gjerne brukast gjennom året om det er noko du som foresatt undrar deg over. I samtykkeskjema som blir delt ut ved skulestart skal du skrive under på at informasjonen (nokre spesifikke punkt) er kjent for deg.

## Innhold

Velkommen til nytt skuleår på Giske skule .....	3
Skulen sine telefonnummer og kontortid.....	4
Kontakt heim-skule (Transponder meldingsbok).....	4
Skulerute 2024-25.....	5
Organisering av skuledagen .....	5
Permisjon frå skulen og elevfråvær .....	6
Helsesjukepleiar .....	6
Skulen sitt arbeid for å legge til rette for eit godt læringsmiljø.....	6
Arbeid med sosial kompetanse.....	7
Klassens time .....	7
Læringspartnar.....	7
Elev og utviklingssamtalar.....	7
Skulen sine ordensreglar og klassereglar.....	8
Fadderordning.....	8
Leikepatruljen .....	8
Friminutt .....	9
Skulen sine rådsorgan .....	10
Gjensidige forventningar heim og skule .....	10
Læremateriell.....	11
Elever med matallergi og behov for medisin i skuletida.....	11
Brukarundersøkingar .....	11
Taushetsplikt.....	11
Samtykkeskjema .....	11
Fellessamlingar .....	11
Svømmeopplæring.....	12
Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging.....	12
Elevar med rett på skuleskiss .....	13
Leksehjelp .....	13
Skulen sitt økonomiske ansvar og skulebarnsforsikring .....	13
Skulemelk.....	13
Fritak frå aktivitetar og KRLE-faget .....	13
Vedlegg: Plan for helsearbeidet på skulen 2024-2025 .....	14

## Velkommen til nytt skuleår på Giske skule

Skuleåret 2024-2025 har vi 90 elevar fordelt på 1-7. Klasse. Vi har dyktige tilsette både på skulen og SFO som ser fram til å samarbeide med dykk alle for høgst mogleg trivsel og læring. Alle har rett på eit trygt skule- og arbeidsmiljø. Vi som skule er tydelege på at alle har rettigheitar, men også plikter. Ei kvar handling har ein konsekvens – positiv eller negativ. Ingen er like, men alle er like mykje verdt og vi som skule vil jobbe for eit raust og inkluderande miljø. Som føresette kan de hjelpe oss med å inkludere alle elevar i klassa. Sei «HEI» når du ser eit barn eller medføresette, er nokon vanskelege å inkludere, ta kontakt med føresette og høyr om det er noko du kan hjelpe til med. «Ein gong er det du som treng ei hjelpande hand».

Oppvekst i Giske kommune har inkluderande praksis som eit av satsingsområda. Der målet vårt er at alle som er innom skulen, anten som føresett, tilsett eller elev, skal erfare at «det var bra eg kom». Eit ledd i dette er lærarane sitt utviklingsarbeid kring fagleg inkludering. Utviklingsarbeidet er i samarbeid med Høgskulen i Volda og starta opp hausten 2023. Oppvekst i Giske kommune fortsett arbeidet for ein inkluderande praksis dette skuleåret, med felles samlingar og arbeid på skulen.

Alle elevar har rett til tilpassa undervisning og vurdering. Dei skal bli møtt og akseptert for den dei er. Vi ønsker å ta omsyn til elevane sine interessefelt og hjelpe dei til å lære på den måten dei lærer best, innan dei rammene vi har. Vi vektlegg også at elevane skal få reelle pauser, noko som medfører ulike tilpassingar i friminuttsituasjonar. Vi jobber hardt for inkludering og tilhørighet.

Vi samarbeider med blant anna helsesjukepleiar, PPT, Barnevern, BUP, Psykisk helseteam, forebyggjande politi, FAU/SU og andre aktørar i nærområdet for at vi skal ha eit godt lag rundt elevane våre. Giske skule er også øvingsskule og praksisstad for både lærarutdanninga og praksisopplæringa.

Gjennom eit skuleår har vi mange sårbare møter, gjerne når ting blir vanskeleg heime eller når elevar ikkje meistar skulekvardagen. Vi ER ikkje vanskelege – vi HAR det vanskeleg ei periode. Å gjennomføre slike samtalar er krevjande for både skule, elevar og føresette, men vi erfarer at det er betre å vere ærlege og ta tak i situasjonar tidleg. Det er lettare å snu når spora ikkje er så djupe. Samarbeid mellom skule og heim er avgjerande. Ta kontakt med kontaktlærer eller rektor om det er noko vi bør snakke om. Når ting ikkje blir slik vi tenkte det kan sorg lett forvekslast med sinne. Vi ønsker likevel at vi skal samarbeide med ein respektfull tone. De som «medføresette»: Observerer de situasjonar som de reagerer på? Vit at vi og føresette rundt eleven jobber. Taushetsplikta vår verner om barnet og familien.

Eg ser fram til ein fin haust saman med elevar, føresette og tilsette på Giske skule. Eg håper vi kan få til eit godt samarbeid - støtte og hjelpe kvarandre slik at elevane får det trygt og godt på skulen.

Mvh. Sunniva Kvalsund – konstituert rektor



## Skulen sine telefonnummer og kontortid

<b>Rektor</b>	Sunniva Kvalsund	47 28 52 82 sunniva.akernes.kvalsund@giske.kommune.no
<b>Plangruppemedlem</b>	Stine Ristesund	
<b>Plangruppemedlem</b>	Maria Ulla	
<b>SFO leiar og merkantile oppgåver</b>	Magnus Aarøe	41 70 23 01 magnus.aaroe@giske.kommune.no

Skulen har ikkje eigen kontortilsatt, men vi er tilgjengeleg pr. telefon mellom 08.00-16.00. For kontakt med rektor er det mest hensiktsmessig å sende mail eller ta kontakt via telefon/sms. Transponder blir frå rektor si side kun nytta til å sende ut fellesinformasjon til føresette.

### Telefonnummer:

47 28 52 82 – Rektor

98 33 44 02 – SFO

## Kontakt heim-skule (Transponder meldingsbok)

Skulen nyttar Transponder meldingsbok (app) til kommunikasjon med foreldre og føresette. Informasjon om korleis ta i bruk appen vert delt ved skulestart. Transponder skal nyttast til all skriftleg samhandling med skulen. Giske kommune vektlegg at kommunikasjon via sosiale medier og privat telefon ikkje er tilstrekkeleg med tanke på personvern og datasikkerhet. Transponder meldingsbok er ei sikker plattform for kommunikasjon skule - heim.

Lærarar har ei utvida arbeidstid kvar dag og denne skal nyttast til både samarbeid og møter på skulen, for og etterarbeid av undervisning, oppfølging av elevar og samhandling med heimen. Lærarar sjekkar Transponder mellom 08.00-16.00 som er hovudarbeidstida. Ønsker du at lærar ringer deg, skriv du ei transpondermelding og lærar tek kontakt i løpet av dagen.

## Skulerute 2024-25

Kommunedirektøren i Giske har fastsett denne skuleruta med heimel i opplæringslova § 2-2 og gjeldande delegeringsreglement. Skuleruta er i samsvar med skulerute for dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal.

Haust 2024		Skuledagar
August	Første skuledag: måndag 19. august	10
September		21
Oktober	Haustferie veke 41: måndag 07. – fredag 11. oktober	18
November		21
Desember	Siste skuledag før jul: fredag 20. desember	15
Vår 2025		
Januar	Første skuledag etter jul: måndag 6. januar	20
Februar	Vinterferie veke 8, måndag 17. – fredag 21. februar	15
Mars		21
April	Påskeferie: måndag 14. april – måndag 21. april Første skuledag etter påske: tysdag 22. april	16
Mai	Elevfri dag: fredag 30. mai	19
Juni	Siste skuledag: fredag 20. juni	14
	<b>Sum skuledagar</b>	<b>190</b>

## Organisering av skuledagen

08.30-09.15	1. time
09.15-09.30	Friminutt
09.30-11.00	2.+ 3. time inkludert matpause, minimum 20 min
11.00-11.30	Friminutt
11.30-12.15	4. time
12.15-12.30	Friminutt
12.30-13.15	5. time
13.15-14.00	6. time – for mellomtrinnet enkelte dagar. Sjå klassa sin timeplan

## Permisjon frå skulen og elevfråvær

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved fråvær på grunn av sjukdom skal skulen ha beskjed før undervisninga startar, seinast 08.20. Føresette legg inn fråværet i Transponder Meldingsbok.

Når det er forsvarleg kan skulen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil 2 veker (opplæringsloven § 2-2). Rektor har delegert fullmakt til å avgjere slike søknader på vegne av kommunen. [Søk om permisjon i Giske skule - Giske skule](#).

Dersom elevar har urovekkande høgt fravær frå skulen følger skulen kommunale retningslinjer. [Skulen sin rutine kring stort elevfravær - Giske skule](#).

## Helsesjukepleiar


Kvar måndag og annakvar torsdag (halv dag i partalsveker) er Hildegunn Eikrem Sæbø tilstades på skulen. Hildegunn har samtale med elevar, kontaktlærar og føresette ut frå dei individuelle behova elevane har. Hildegunn har faste område ho tek opp i ulike klasser, deltek på formelle møter og er tilgjengeleg for elevar som har behov for ein samtale. Hildegunn er innom alle klassene for å informere om kva ho kan bidra med. Elevane skal vite at helsesøster er tilgjengeleg for dei på skulen.

## Skulen sitt arbeid for å legge til rette for eit godt læringsmiljø

Skulen jobbar systematisk med å skape eit godt miljø kor barna kan vekse og trivast, både i det faglege og sosiale fellesskapet. Oppvekst Giske kommune har utarbeida felles retningslinjer for korleis skulen skal arbeide med dette. [Trygt skulemiljø - Giske skule](#). Mobbesaker bunner gjerne i komplekse forhold, og skulen må jobbe forebyggande for å motvirke. Dette gjerast blant anna med å kontinuerleg fokusere på eit godt miljø, at elevane får utvikle eigne sosiale ferdigheiter, dei tilsette si kjennskap til kva mobbing er og korleis forebygge, tydeleg klasseleiing og eit godt heim-skule samarbeid. Livet og Sånn vert også nytta som ressurs. Det er viktig for oss å lykkast med å skape eit trygt miljø for elevane. Saman kan vi hjelpe elevane til å vere inkluderande med kvarandre - også utanfor skuletida.

**Opplæringslova §12-2 (tidlegare §9a-1):** "Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring". Ved Giske skule har vi eit stort fokus på at elevane skal trivast og oppleve det trygt å vere på skulen. Vi vil vere ein skule som gjer nødvendige endringar dersom ein situasjon krev det. Det er den enkelte si subjektive oppleving som er utgangspunktet for skulen si handtering av opplæringslova §12. Skulen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt.

Ingen barn er vanskelege, dei har det vanskeleg - og vi som skule kan ved riktige tiltak vere med på å snu krevjande situasjonar. Uansett om vi er store eller små er vi uendeleg verdifulle, og vår stemme er viktig. Vi ønsker å ta på alvor dei ulike opplevingane og kjenslene som kan dukke opp i løpet av ein skuledag - vi vil gjere alt i vår makt for at den enkelte skal kjenne seg trygg og i varetatt.



## Arbeid med sosial kompetanse

Giske skule har hatt sosial kompetanse som eit satsingsområde i fleire år. For å utvikle den sosiale kompetansen i elevflokkene har vi vore opptatt av at det er summen av mange tiltak som gir effekt, vi har derfor satsa bredt. Ved Giske skule er det daglege arbeidet som kontinuerleg foregår i klasserommet, på SFO og i uteareala det viktigaste, i tillegg til samarbeidet med heimen. Forsking viser at desse forholda er særskilt viktige når ein skal legge til rette for utvikling av sosial kompetanse hos elevar (Nordahl 2005):

- Relasjonar mellom elevar og lærarar
- Relasjonar mellom elevar og elev
- Sosial og fagleg læring
- Sosial kompetanse lærast i naturlege situasjonar
- Læraren si evne til å lede grupper av elevar
- Samarbeid med føresette

Skulen har gjennom fleire år arbeidd med alle desse forholda. Vi legg stor vekt på å bygge gode relasjonar mellom elevane og mellom elevar og lærarar. Kollegiet er opptekne av god klasseleiing og eit godt skule og heim samarbeid. I tillegg har vi reglar for orden og åtferd som vi vektlegg kvar dag. Vi har ein kompetanseplan for kvart klassesetrinn med konkrete læringsmål innafor dei seks områda: ansvar, samarbeid, empati, positiv sjølvhevding, sjølvkontroll, humor, leik og glede. Vi bruker denne i tiltak for heile skulen, klassen eller grupper og på individnivå.

## Klassens time

Kvar veke har klassa ein time med fokus på saker som er viktige for klassa å samtale om. Målet med timen er at elevane skal erfare at dei medverkar i viktige område som har med eleven sin kvardag å gjere. Relevante spørsmål i klassens time kan vere: Korleis har vi det med kvarandre i klassa, korleis ønsker vi at læraren skal møte oss, korleis kan elevane påverke faglege fokus og arbeidsmetoder. Timen brukast også til teambuilding kor elevane gjer aktiviteter saman. [Livet og sånn \(livetogsann.no\)](#) blir også nytta i denne økta.

## Læringspartnar

Alle elevar på skulen skal ha ein læringspartnar. To og to elevar jobbar saman som læringspar med det formålet at det skal auke eige og medeleven sitt læringsutbytte. Metoden gjer det slik at eleven blir tryggare, meir aktiv, får moglegheit til å samarbeide, tid til å reflektere og nye relasjonar. Ved å forklare og diskutere lærer dei fagstoffet betre. Kontaktlærar sett opp læringspar regelmessig, etter eit gitt system. Klassa utformar også kva ein god læringspartnar er. Dette skal gjere rolla meir tydeleg.

## Elev og utviklingssamtalar

Det vert gjennomført elevsamtalar og utviklingssamtalar for alle elevar 2 gongar kvart skuleår. Skulen har faste malar for desse samtalanene. Elevsamtalar blir gjennomført i skuletida utan føresette, medan utviklingssamtalar skjer på ettermiddagstid saman med føresette. Nærare informasjon kjem.

## Skulen sine ordensreglar og klassereglar

Giske kommune har felles skulereglar for alle elevar i kommunen. [Forskrift om skulereglar for grunnskulane i Giske kommune - Giske skule](#). Her står det blant anna reglar kring bruk av mobiltelefon. Mobiltelefonar skal leggst bort og vere slått av i skuletida. Den enkelte skulen kan vedta å tillate bruk av mobiltelefon i undervisningstida når dette skjer i undervisningsrelatert samanheng.

I tillegg har skulen utvikla eit sett med grunnreglar.

**Klassereglar – for å få eit godt læringsmiljø**

**Vi viser respekt for kvarandre:**

- Vi snakker fint til kvarandre
- Vi ser etter at ingen er aleine og inkluderer
- Vi godtek at vi er ulike og samarbeider med alle

**Vi vil lytte til beskjeder frå vaksne:**

- Eg høyrer på den vaksne som bestemmer
- Eg kranglar ikkje med den vaksne
- Eg gjer det eg skal gjere

**Vi vil jobbe med arbeidsro i timen:**

- Eg rekk opp handa når eg treng hjelp
- Eg vandrar ikkje rundt
- Eg har ei roleg stemme

**Vi held orden:**

- Eg heng opp klede og set sko på plass
- Eg heng sekk på stolen og rydder etter meg
- Eg hjelp til å rydde i klasserommet



Giske oppvekstsenter  
6052 Giske

---

Reglar for bruk av iPad – skule og SFO

**Generelt om bruk**

- iPaden skal alltid vere inne i beskyttelsesdekslet anten du er på skulen eller heime
- iPaden skal ikkje lånast ut til andre
- Når iPaden ikkje er i bruk i undervisning, skal den ligge i sekken, også i SFO-tida
- Det er aldri lov å ete eller drikke med iPaden på same pult/bord

**Bruksområde**

- Det er lærar/assistent/sfo-tilett som definerer når og korleis iPaden skal brukast
- iPaden kan ikkje brukast i friminutt eller i SFO tid
- iPaden skal alltid ligge i sekken på veg til og frå skulen.
- Minecraft: Elever skal kun spele i avklarte læringsøktar. Ingen skal spele i forkant av skuledagen/garderoben.
- Det er aldri lov å ta bilete eller video av medelevar eller tilsette utan løyve frå lærar og den/det det skal takast bilete av

**Internett**

- Det er aldri tillatt å gå på internett utan læraren sitt samtykke
- Det er ikkje tillatt å vere på sosiale medier i skuletida
- Det er ikkje tillatt å speke opp tilfeldig spel/ytube-filmar eller andre nettsider i skuletida eller på SFO

**Konsekvensar ved brudd på reglane**

- Det vil ikkje bli gitt advarslar ved eventuelt brot på desse reglane
- iPaden vil umiddelbart bli inndratt for vidare bruk, for ein periode
- Den enkelte sin iPad kan bli blokkert for nettilgang
- Installerte appar kan bli sletta utan varsel
- Eleven kan miste moglegheiten til å ta med iPaden heim for ein kortare eller lengre periode

## Fadderordning

Når ein skal ta vare på andre, lærer ein seg å sjå andre sine behov og ein lærer seg å hjelpe. På Giske skule er 5.klasse fadRAR til 1.klasse, 6. klasse er fadRAR til 2.klasse og 7.klasse er fadRAR til 3. klasse. 4 klasse førebur seg på si kommande fadderoppgåve. Kvar vår får dei som skal starte i 1.klasse tildelt kvar sin fadder/faddergruppe. Dei møtast fleire gongar i løpet av våren og har omvising, ulike aktivitetar i klasserommet friminuttet og i gymsalen. Dei er og ilag ved førskuleprogrammet på skulen. Første skuledag leikar ”nye” elevar og fadrane ilag. Seinare skal kontaktlærar for 1.klasse og fadderklassar avtale faste møte for gruppene. Det er viktig med mykje kontakt i starten. I vennskapsveka ved skulestart kvart år har vi eige opplegg med fadrane. Det er kontaktlærarane sitt ansvar å legge til rette for vidare faste fadderaktivitetar i løpet av kvar periode.

## Leikepatruljen

Denne gruppa består av elevar frå 4-7. klasse som legg til rette for økt aktivitet i friminuttet. Leikepatruljen blir leia av ein lærar og gruppa har møter kor dei avklarar leikar, sett opp program og planlegg perioden. Målet er å gi auka trivsel, meir variert aktivitet i friminuttet, bygge vennskap, forebygge konflikter og mobbing, skape inkluderande, hyggelege og respektfulle elevar.

## Friminutt

Skulen har 3 friminutt kvar dag. 09.15-09.30, 11.00-11.30 og 12.15-12.30. Skulen har faste oppsette vakter og har alltid 4-5 vakter ute. Skulen er opptatt av at friminutta skal vere gode for alle elevar og jobbar derfor også med å tilrettelegge for elevar dersom det er behov for det. Giske kommune – oppvekst har utarbeida rutinar for korleis skulen skal legge til rette for trygge friminutt. Dette er fast innslag i dei tilsette si møtetid. Elevrådet har utarbeida reglar for toalettet og for bruk av fotballbana. Skulen har også utarbeida forventningar til åtferd ute. Dette blir jamt tatt opp i klassene, på fellessamlingar og i klassens time.

### Slik vil vi ha det i friminuttet på skulen



- Elevane snakkar til kvarandre med gode ord – ikkje ord som sårar.
- Elevane tek kontakt med medelever som går aleine.
- Elevane tek vare på kvarandre. Vi slost ikkje med kvarandre.
- Elevane tek parti med dei barna som opplev noko vanskeleg. Vi heier ikkje på den som plager andre.
- Elevane godtek at vi er ulike og at alt ikkje er likt for alle.
- Elevane seier frå til vaksne dersom det oppstår konflikter og vanskelege situasjonar

Elevrådet 2022-23

### Vi vil ha det fint og reint på toalettet

- Trekk ned i do
- Vask toalettet etter bruk (forlat toalettet slik du ynskjer å finne det)
- Ikkje bruk for mye toalettpapir (toalettet blir tett)
- Vask hender og kast papiret i korga
- Ikkje gå inn på toalettet utan at du faktisk må på toalettet

Elevrådet 09.02.2023



### Mål: Det er gøy å spele fotball utan krangling!

#### Alltid:

- «shhhhhh» er strengt forbudt
- Ikkje lov å skiltakke
- Ikkje lov med harde taklingar
- Ikkje lov å snakke stygt til andre

#### Når vi spelar kamp:

- Den voksne skal velge laget og laget varer den dagen
- Kjem det nye inn i kampen blir dei plassert på ett lag av den vaksne
- Dommeren bestemmer

#### Konsekvens:

Om du ikkje følg reglane må du stå over neste friminutt.



Elevrådet 09.02.2023

## Skulen sine rådsorgan

Ved alle skular skal det vere eit foreldreråd der alle føresette som har barn på skulen er medlemmer. Foreldrerådet skal ivareta fellesinteressa til dei føresette og bidra til at dei føresette bidreg aktivt for å skape eit godt læringsmiljø for alle barna på skulen. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval, FAU som vanlegvis består av to foreldrekontakter (hovud og vara). FAU behandlar saker på vegne av foreldrerådet. FAU konstituerer seg med leiar, kasserar, sekretær og SU-medlem. FAU har møter ein gong pr.månad. Føresette er viktige samarbeidspartnarar i skulen. Det er kontaktlærar sitt ansvar å legge til rette for val av FAU-representantar på foreldremøte til hausten. I tillegg til dette har skulen og barnehagen eit felles samarbeidsutvalget (SU). Vi har også elevråd kor 2. – 7. klasse har to representantar representert.

## Gjensidige forventningar heim og skule

### **Tilsette ved Giske skule forventar at foreldre og føresette:**

- Støtter og viser interesse for barnets skulekvardag både fagleg og sosialt.
- Følgjer opp skulearbeid, les vekeplanen og informasjonsskriv frå skulen.
- Møter på føresettemøte og utviklingsamtalar.
- Sørger for at barnet har det dei treng i skulesekken (mat, opplada iPad, bøker etc).
- Sørger for at barnet har gode kleder og skift.
- Sørger for at barnet kjem presis til skulen. Forseintkomming blir registrert som ugyldig fravær.
- Vere gode rollemodellar når det kjem til å skape vennskap og sosiale relasjonar. Deltek på haust og vårgruppe.
- Sørge for å inkludere og verdsette alle barn.
- Sørger for at barnet får nok søvn og har eit godt og variert kosthald.
- Snakkar positivt om skulen, dei tilsette og andre sine barn/heimar overfor barna sine.
- Respektere dei tilsette si arbeidstid. Send transponder når de har saker utover arbeidstida og avvente svar neste morgon.
- Tar kontakt med skulen om det skal vere noko.

### **Foreldre og føresette forventar at:**

- Skulen held føresettemøte i starten av skuleåret med nødvendig info og rom for samhandling mellom føresette.
- Skulen gir informasjon om årsplanar og vekeplanar.
- Ved lærars fravær, skrive på vekeplanen kven som skal være vikar når dette er mogleg.
- Skulen skal informere om det har vært episodar mellom elevar og melder frå om mobbing.
- Skulen tar tak i problem som eventuelt oppstår.
- Kontaktlærar skal ha basisfaga i klassen og ha god oversikt over kvar eleven står i alle fag.
- Kontaktlærar skal gi konkrete tilbakemeldingar til heimen på det faglege nivået til eleven.
- Skulen har fagutdanna lærarar.
- Undervisninga ved skulen er tilpassa kvar enkelt elev.
- Dei som har spesielle behov får den hjelpa dei treng.
- Skulen ber om ekstramidlar når det trengs.
- Skulen samarbeider med Giske ungdomsskule ved overgang til ungdomsskule.

## Læremateriell

Undervisninga på skulen blir gitt ut frå læreplanen LK20 der overordna del ligg som ei føreskrift til grunn for alle fagplanane. I tillegg er formål for faget sentralt for arbeid med kompetansemål som elevane skal oppnå. Skulen har ipad 1:1 som vert nytta i undervisninga. Ipaden vert brukt for å tilpasse og variere undervisninga. Skulen har prioritert å kjøpe inn bøker etter ny læreplan, og vil fortsette med det åra framover. Ja, vi er ein ipad-skule, men vi er også avhengig av fagboka og andre læremidler. Ja takk – begge deler.

## Elever med matallergi og behov for medisin i skuletida

For at elev, føresette og skulen skal vere trygg i handtering av ulike allergiar har det blitt utvikla felles kommunale retningslinjer for handtering. Retningslinjene blir sendt ut til føresette som har barn med allergiar. Ta kontakt med skulen dersom ditt barn reagerer på særskilde matvarer eller har allergiar vi må kjenne til.

## Brukarundersøkingar

5-7. klasse gjennomfører årleg elevundersøking. Dette er ei digital undersøking i regi av UDIR. Vi har kvart halvår elevsamtale og utviklingssamtale for alle elevar. Trivsel er i fokus under samtalane. Jamleg blir elevane på 1-7. klasse spurt korleis dei trivst på skulen og om dei blir erta eller plaga. Dei tilsette har «følarar» ute og er opptatt av å møte elevane der dei er. Vi leiter etter løysingar for at kvar elev skal trivast på skulen. Vi nyttar Spekter og Innblikk for å få innsikt i relasjonar og strukturar innad i dei enkelte klassene ved behov. Føresetteundersøkinga blir ikkje gjennomført årleg, men skjer i samhandling med dei andre skulane i kommunen.

## Taushetsplikt

Alle som arbeider ved skulen har taushetsplikt. Det vil seie at dei har plikt til å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til det dei får vite om enkelte personlege forhold i sin arbeidssituasjon. Taushetsplikta gjeld også for føresettere representantar i skulen sine rådsorgan, føresettekontaktar og føresette som på ein eller anna måte medverkar i skulen sine virksomhet, til dømes leirskule, ekskursjonar og liknande. Taushetsplikta gjeld også etter at ein har slutta i tenesta eller vervet.

## Samtykkeskjema

Alle føresette vil motta eit samtykkeskjema som omhandlar bilde, video, skuleturar og transport med bil/buss. Dette skal fyllast ut årleg.

## Fellessamlingar

Skulen har gjennom året fleire fellessamlingar i gymnastikksalen der klassane tek ansvar etter tur. Vi har ein fagleg del kor elevar får vise fram arbeidet sitt, og ein meir sosial del med song, dans og feiring av fødselsdagar. Samlingane er med på å styrke fellesskapet og samholdet på skulen. Tiltaket er òg ein del av vårt anti-mobbe-arbeid og arbeid med sosial kompetanse.

## Svømmeopplæring

Ferdigheter i symjing og livredning er viktig både for sikkerheit og for at barn skal kunne delta i ulike aktivitetar i vatn. Barn treng erfaring og trening i vatn både i basseng og utandørs. Giske kommune har eit samarbeid med Bybadet for å legge opp til opplæring for elevane på 2.trinn, 4.trinn og 6.trinn. Undervisninga er obligatorisk og blir gitt på bybadet. Elevane tek buss saman med elevar frå Godøya. I år blir undervisninga gitt intensivt i ein periode. Giske skule har fått tildelt tid i bassenget frå veke 49. Meir informasjon blir gitt i løpet av hausten. Alle voksne som deltek i opplæringa har livredningsgodkjenning.

## Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

Opplæringslova fokuserer på eleven sin rett til tilpassa opplæring. Dette er ein rett alle elevar har, uansett prestasjonsnivå. Vi er opptatt av at elevane skal få tilrettelagt undervisning på best måte, gjennom blant anna fleksible grupperingar av elevar med den enkelte elev sine behov som utgangspunkt. Lærar forpliktar seg til å bruke varierte undervisningsmetodar og vi har fagleg inkludering som utviklingsarbeid i åra som kjem. Dette for å på best mogleg måte tilpasse undervisninga for alle elevar. Målet er å legge til rette for eit godt og inkluderande tilbod.

Skulen skal følgje med på elevane og deira utvikling, og ut frå dette vurdere om dei har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Vi skal drive opplæring, tilrettelegging, førebygging og tidleg innsats. I dette arbeidet kan vi søke råd og støtte frå PPT.

Lærarar som er i tvil om eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, gir beskjed til rektor. I samarbeid med inkluderingsteamet og PP-rådgjevar blir det vurdert om det er behov for tiltak innanfor ordinær opplæring eller individuell tilrettelegging. Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) tar stilling til om eleven har behov for individuelt tilrettelagt opplæring (spesialundervisning).

I ny opplæringslov blir omgrepet «Spesialundervisning» bytta ut, og delt inn i tre ulike omgrep:

- Individuelt tilrettelagd opplæring
- Personleg assistanse
- Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemidler

Det er rektor og inkluderingsteamet som har ansvar for å organisere og koordinere det spesialpedagogiske arbeidet. PP-rådgjevar er med i skulen sitt inkluderingsteam. Individuelt tilrettelagt opplæring blir gitt til barn med sakkunnig vurdering. PPT utarbeidar desse. Rektor skriv vedtak som fortel kva hjelp eleven skal få. Hjelpa kan bli gitt i grupper, i klassa og aleine. Organisering av individuelt tilrettelagt opplæring blir synleggjort i vedtaket som rektor skriv. Før spesialpedagogiske tiltak kan iverksettast, må føresette godkjenne at det blir satt i gang og gir dermed sitt samtykke. Det spesialpedagogiske tilbodet blir forklart i elevens IOP (individuell opplæringsplan). Denne blir utarbeida ut frå enkeltvedtak og sakkunnig vurdering. Planen er skulen sitt arbeidsdokument. Det er ikkje nødvendig at føresette godkjenn denne, men elevar og føresette skal kunne vere med å påverke innhaldet i eleven sin IOP. Det blir aldri satt i gang testing, henvising og observasjon av barn utan føresette sitt samtykke.

## Elevar med rett på skuleskyss

Det er fastsatte retningslinjer for om elevar har rett til skuleskyss. Ta kontakt med skulen/Magnus Aarøe dersom dette er aktuelt for dykk.

## Leksehjelp

Giske skule tilbyr leksehjelp på 5. – 7. klasse. Elevane får 2 timar pr. veke. Leksehjelp er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa, men skal støtte opp om arbeidet som skjer i skulen. Leksehjelpa skal brukast til å gjere lekser ut frå vekeplan. Ved skulestart blir det sendt ut påmelding for elevar i 5. -7. klasse. Leksehjelp er eit frivillig tilbod og føresette har ansvar for at lekser er gjort og fulgt opp.

## Skulen sitt økonomiske ansvar og skulebarnsforsikring

Skulen har ikkje ansvar for pengar eller ting som blir vekke, gløymt igjen eller øydelagt på skulen. Unntaksvis kan det bli gitt billighetserstating for stjelte eller skada eigendelar. Brillar som blir øydelagt på skulen vil bli erstatta etter nærare reglar. Etter forskrift til opplæringslova skal den obligatoriske skulebarnsforsikringa gi eleven dekning for ulykkesskade som har skjedd

- På opplæringsstaden i opplæringstida
- På veg mellom heim og opplæringsstad
- Under praktisk yrkesopplæring og opplæring i arbeidslivet som er eit ledd i opplæringa, og på veg mellom heim og arbeidsplass
- Under transport, skuleturar, idrettsdagar, leirskule og liknande som skulen er ansvarleg for
- Under Operasjon Dagsverk og andre liknande elevaktivitetar, og mellom heimen og det staden kor aktiviteten skal skje.

## Skulemelk

Tine skolelyst tilbyr elevane fleksibel bestilling av mat og anna. Føresette kan sjølv sette opp bestillinga på skolelyst.no. Her kan du også finne svar på spørsmål om ordninga. Logg inn på heimesida med ditt mobilnummer og legg enkelt inn bestilling. Det ligg og lenke inne på heimesida til Giske skule.

## Fritak frå aktivitetar og KRLE-faget

Dersom det er behov for å søke fritak send mail til kontaktlærer som igjen vidaresender til rektor. Skulen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring. Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skule som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplev som støyande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen.

# Grunnskulane i Giske kommune

## Giske skule.

### Plan for helsearbeidet på skulen 2024- 2025

Skulehelsetenesta i Giske kommune er lagt opp etter føreskrift av 19.10.2018 om kommuna si helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste. Helsesjukepleiar har ansvaret for skulehelsetenesta og sit i inkluderingssteam på skulen. Kommuneoverlegen er medisinsk fagleg rådgivar.

Mål for tenesta er å fremme helse og utvikling i oppvekståra. Tenesta skal i samarbeid med heim, skule og hjelpeapparat, arbeide for å identifisere og løyse dei helseproblem som spesielt knyt seg til skuleeleven sin situasjon. Skulehelsetenesta skal arbeide for at elevane går ut av skulen med ei så god helse som mogleg og med ei åtferd som påverkar helse, livsstil og livskvalitet i ei positiv retning.

**Hildegunn Sæbø** har ansvaret for skulehelsetenesta på Giske barneskule.

**Telefon 90045532** (08-15) Send  **gjerne sms**.

Ho blir å treffe på skulen **måndagar og anna kvar torsdag fram til kl 12**

Foreldre, elevar og lærarar kan ta kontakt.

1.klasse	Individuelt på <u>helsest.</u>	Helsesamtale og somatisk undersøking	<u>Helsesjukep</u> og lege
2. klasse		Vaksine DTP - IPV	Helsesjukepleiar
3. klasse	Gruppe/individuelt	Helseopplysning og vekstmåling	Helsesjukepleiar
4 klasse	Gruppe	<u>Meistringsgruppe</u>	Helsesjukepleiar.
5 klasse	Gruppe	Undervisning pubertet	Helsesjukepleiar
6. klasse	Gruppe	Vaksinasjon MMR.	Helsesjukepleiar
7. klasse		Vaksinasjon HPV x 2	Helsesjukepleiar
Alle klasser	Individuelt/ grupper	Oppfølging av enkeltelevar. Ansvarsgruppe Treftid på skule Foreldre har tilbod om <u>foreldreveiledningsgrupper</u> frå helsestasjonen.	Helsesjukepleiar

Andre aktuelle tema kan takast opp ved ynskje frå lærar eller foreldre.